



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Til kommunane og operatørane  
i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2021/8188 - 59933/2021	Svein Ivar Aarskog, 71 28 02 51	03.05.2021

## Ruteendringsprosessen 2022 - innspel frå kommunar og operatørar

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussrutene vil starte i september 2021. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2022.

For å få ut ny ruteinformasjonen rettidig til 1.mai 2022, er det viktig at fristen for innlevering av innspel blir overhalden. I praksis må nye rutetider offentleggjerast før jul kvart år.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir bedne om å kome med desse no. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular og trafikknemnder for også å få innspel derifrå. Innspel (buss, ferje og hurtigbåt) må sendast samla, men spesifisert på kvart enkelt transportmiddel til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

Fylkeskommunen er inne i ei tid med avgrensa økonomisk spelerom og med eit stort fråfall av trafikkinntekter, og det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ei tydeleg prioritering på sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter/turar med dårleg belegg, vil styrke forslag til auke på ruter/turar der behovet er aukande.

- Forslag til ruteendringar som gjer korrespondansar betre vil bli prioritert.
- Forslag som gjeld endringar i rutetidene på riksvegferjerutene (rute nr: 10, 11, 33 og 48) må tas direkte med Statens vegvesen.
- Forslag til endringar av haldeplassar eller andre saker som ikkje angår rutetidene spesifikt, må sendes i eige brev utanom denne ruteendringsprosessen.

Dersom det vert aktuelt med større endringar før 1. mai 2022, vert det sendt ut egne høyringar til aktuelle kommunar.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **innan 9.august 2021, og utan at heile saksbehandlinga i kommunen vert vedlagt.**

Med helsing

Jesper Drabløs Wiig  
Seksjonsleiar drift

Svein Ivar Aarskog  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*